



Dato

28.09.2012

Kulturdepartementet

Dykkar ref
2009/00739

Utkast til reglar om fullmakter og behandlingsprosedyre i rettskrivingssaker – høyringsfråsegn frå Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen

Vi viser til høyringsbrev 25.06.2012.

Høyringssaka om normeringsfullmakter har vore diskutert i fagmiljøet for nordisk språkvitskap ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, LLE. Instituttet byggjer synet sitt på desse diskusjonane.

1) LLE vil for det første seia seg nøgd med at departementet no fastlegg retningslinjer for behandling av normeringssaker.

2) Når det gjeld framlegget til ny § 3, siste avsnitt, formuleringa "Som eit tilbod til språkbrukarar som ønskjer hjelp til å finna fram i valfridommen i rettskrivinga, kan Språkrådet i høveleg form utarbeida rådgjevande informasjons- og rettleingsmateriell som er tilpassa behovet innanfor dei respektive målformene", har LLE desse synspunkta:

a) Språkrådet eller departementet skal *ikkje* rangera ulike former eller systemdrag innanfor dei godkjende rettskrivingane i noko som liknar på den gamle ordninga med læreboknormal. Alle godkjende former og systemdrag skal per definisjon vera likeverdige. Dette var den viktigaste premissen for det revisjonsarbeidet som blei sett i gang for ny nynorsknorm.

Siste setninga i det siterte punktet, altså «tilpassa behovet innanfor dei respektive målformene» er for diffus, og vi kjenner oss her ikkje sikre på kva som kan komma til å bli lagt inn i denne formuleringa. Somme hevdar f.eks. at særleg dei mange sidemålsbrukarane av nynorsk treng ei snevrare norm, noko som liknar på den tidlegare læreboknormalen, og dei kan her finna plass for indirekte å innføra noko slikt att med eit formsett som skal vera «meir gangbare» enn andre formval. På hi sida er det ein sterk nynorsktradisjon (blant hovudmålsbrukarane) for både å jamstilla variasjonen og å utnytta variasjonen til å få uttrykt ein regional identitet eller samsvar med eit personleg talemål. Denne sterke tradisjonen – som også har eit ideologisk innhald – tilseier at behovet innanfor nynorsk er særleg sterkt nettopp for å jamstilla alle formvala.

b) Språkrådet bør derimot kunna gi råd som har utgangspunkt i språkbrukarane sine *ønske*, f.eks. om kva former det kan vera naturleg å velja dersom ein ønskjer å skriva "konservativt"/"radikalt"/talemålsnært/nynorskknært/"midtlinje-" (osb.) bokmål, og tilsvarande for nynorsk. Rådet bør òg kunna informera på empirisk basis om kva som er vanleg og mindre vanleg språkbruk – og visa til at dette er empiri. Empirien må ha ein brei basis og femna om så vel personleg og uformell språkbruk (t.d. på Internett) som språkbruk i det offentlege, i massemedia, skjønnlitteraturen osv. Her ligg det ei viktig og spennande oppgåve for Fagrådet for

normering og språkobservasjon.

c) LLE seier seg fornøgd med formuleringa i nest siste avsnitt i § 3, «Dersom faktisk språkbruk eller systemomsyn gjer det formålstenleg, kan Språkrådet gjera vedtak om ny stavemåte eller bøying av tidlegare normerte ord eller justeringar i gjeldande skrivereglar.» Det er viktig her at ein får høve til å leggja vekt på systemomsyna, for den såkalla 'faktiske språkbruken' som referanse (typisk rekna i frekvensar i etablerte databasar) blir lett prega private normeringskrefter og fangar ikkje inn den sosiologiske innsikta vi i dag har i motiv for språkbruk hos enkeltbrukarane og den kulturpolitiske interessa og rolla ymse normeringsagentar har i språksamfunnet. Både Språkrådet og departementet bør byggja normeringsarbeidet på kulturkritisk innsikt – også til ordet «faktisk».

Med helsing



Johan Myking
Instituttleiar

Vedlegg –

Kopi Det humanistiske fakultet, UiB